

Referat frå styremøte i Heimdal bridgeklubb, 28. januar 2013

Stad: Oskar Skaugs veg 6a
Referent: Erlend Skjetne
Til stades: Inger Hjellemarken, leiar og kasserar
Hans Noreng
Edgar Østreim
Tage Husby

Agenda:

Inger Hjellemarken har fremja forslag om at klubben på si rekning sender Einar Asbjørn Brenne som NPC for laga Midt-Trøndelag 1 og 3, der ti av til saman tolv spelarar er medlemmer i Heimdal bridgeklubb, til andre helg av årets fyrstedivisjonsspelning.

Sak 1-1/13

Møtet vart halde for å avklåre om forslaget skal gjennomførast. Det finst ikkje grunnlag for det i klubbens eigne vedtekter for økonomisk stønad, men heller ingenting som talar spesifikt imot det, og Styret meiner at forslaget kan handsamast som ei ekstraordinær sak som ikkje er bunde av vedtektene.

Vedtak:

Styret vedtok med fire røyster mot éi røyst å gjennomføre forslaget. Klubben dekkjer Brennes utgifter til flybillettar og hotellopphald opp til kroner 3000. Ansvarsområda hans blir å fylgje bridgen nøye og koma med råd, innspel og forslag til førebuingar, og å ta seg av praktiske oppgåver for dei to laga.

Merknad:

Handsaminga av denne saka førde til ein brei diskusjon av klubbens økonomiske prioriteringar. Klubben har ein heil del oppspara pengar, og det er semje om at ein del av desse med føremon kan brukast i ei satsing på rekruttering. Spørsmålet vil bli diskutert i plenum på klubbens årsmøte, men Styret har allereie ein heil del idear til moglege tiltak.

Erlend Skjetne,
referent,
31. januar 2013